
Vår referanse 2020/38108-2
Dato 24.02.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Fv. 57 - Del av Trondhjemske postveg - Gnr. 185 bnr. 3 - Isdal - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 31.01.2020.

Kva saka gjeld:

Alver kommune ber om uttale til søknad om mellombels deponi på gnr. 185 bnr. 3. Tiltaket ligg på vestsida av fylkesveg 57, litt nord for Isdalstø. Arealet er regulert gjennom reguleringsplan *Tunnel på fv. 57 Knarvik - Isdalstø (2013)*, der området er regulert til pendlar- / innfartsparkering. Del av *Den Trondhjemske postveg* går sentralt over eigedomen og vert berørt av tiltaket.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg, og frå arealføremålet jf. godkjent reguleringsplan for området.

Vestland fylkeskommune har rett til å bli høyrtd i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker.





Fig: Oversiktskart

Uttale:

Området er regulert gjennom fleire planarbeid, og det er siste vedtekne plan som gjeld. Reguleringsplan *Tunnel på fv. 57 Knarvik - Isdalstø (2013)* føreset ei omlegging av vegsystemet og at dagens avkjørsle til området vert flytta. Det er også under utarbeiding *KDP for ny E39, Flatøy - Eikefettunnelen*, der dette området er ein del av utgreiinga. Slik vi tolkar regelverket må det her søkjast om dispensasjon frå godkjent arealføremål, dispensasjon frå byggjegrænse langs veg samt at det må søkjast om endra bruk av avkjørsle. Det er kommunen som skal fatte vedtak om

dispensasjon frå arealføremålet, samt for byggjegrænse langs veg, medan Vestland fylkeskommune er rett mynde for spørsmål som gjeld avkøyrsløse i dette tilfellet.



Del av reguleringsplan Rv. 656 Isdalstø - Alverflaten (2005) t.v. og del av Tunnel på Fv. 57 Knarvik - Isdalstø (2013)

Fylkesveg 57 har ein viktig funksjon i det overordna regionale vegnettet, og strekninga har ein viktig beredskapsfunksjon som omkøyringsveg for E39, samt er ein viktig strekning for næringslivet, mellom anna på Mongstad. Dette er ei strekning med stor trafikkmengd, og der det er viktig å ta i vare transportfunksjonen på vegnettet.

Den Trondheimske postveg går sentralt gjennom eigedomen. Det er Statens vegvesen som er eigar av museale vegar. Saka må difor avklarast med Statens vegvesen som grunneigar og som sektormynde på museale vegfar.

Vestland fylkeskommune har uttalerett som regional sektormynde, og har gitt følgande uttale til saka:

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå informasjonen i kartutsnitta i kommunen sitt oversendingsbrev, vil den mellombelse tipplassen vere oppå traséen for Den Trondhjemmske Postveien, (Askeladden-ID 246536), som er statleg listeført, og har nasjonal og regional verdi.

I kommunedelplan for Knarvik - Alversund og Alverstraumen, Lindås kommune, og Kommuneplanens arealdel 2019 - 2031 for Lindås kommune, begge planar på høyring hausten, er Den Trondhjemmske Postveien vist som omsynssone H570 med tilhøyrande føresegner:

«Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemmske postvei innafor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Innafor omsynssona skal det ikkje gjerast inngrep i terreng og vegetasjon, eller setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan gjere skade på postvegen, forandre vegen sin karakter, eller utilbørleg skjemme kulturminnet, med mindre det er gjeve løyve til dette av kulturminnemyndigheitene ved Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.»

Ut frå kva vi kan sjå frå satellittfoto, er traséen til Den Trondhjemmske Postveien i stor grad tilgrodd der kor det no er søkt om ein mellombels tipplass. Vestland fylkeskommune har ikkje vore på synfaring i samband med denne saka, men vår vurdering er at ein tipplass som leggjast oppå traséen for postvegen vil kunne medføre skade på vegen, også der kor traseen er tilgrodd med vegetasjon, og sjølv om tipplassen er mellombels. Vidare vurderer vi at ein mellombels tipplass vil forandre vegen sin karakter og utilbørleg skjemme kulturminnet. Vestland fylkeskommune rår i frå at det blir gjeve dispensasjon til ein mellombels tipplass med den plasseringa det er søkt om. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

Saka vi har mottatt på uttale er mangelfull. Vi har til dømes ikkje fått opplysningar om omfanget av tiltaket, kor lang driftstida skal vere, eller kor tid arealet vert tilbakeført. Tiltaket er heller ikkje grunngeve.

Sluttord:

Vestland fylkeskommune er kritisk til tiltaket, og rår i frå at det vert gjeve dispensasjon slik det er søkt om. Tiltaket ligg i eit område med høg trafikk og det er behov for å ta i vare både trafikktryggleiken og transportfunksjonen på vegnettet. Forholdet til kulturminne Den Trondhjemske postveg er ikkje tatt i vare. Det er og ein uavklart plansituasjon i området.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for evt. klagevurdering.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
STATENS
VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål